

Billig og god margarin

Mustads „Eno“
kr. 2.65 pr. kilo.
De bør absolut
prøve den.

Ymse val i Hjartdal

I heradstyret igaar vart desse vali gjort:

Skulestyre: Anund Rue, S. T. Hovland, O. K. Haatveit, M. T. Kleppen, K. T. Solheim. Varam.: K. K. Hovdejord, S. Nordbø, A. Øverbø, K. Øystul og G. O. Vaale. Likningsnemdi: Leif O.

Forhøyri i nikkelsaki byrja igaar.



Admiral Børresen.



Sam. Eyde.

Oslo:

Ved meddomsretten her byrja igaar forhøyri i nikkelsaki.

Admiral Børresen, som var fyrste vitne ynskte ikkje aa verda set som sikta. Vitnet sa at det her ikkje galdt noko jobbetiltak. Malmen i Norig var fatig, og ein maatte di for faa noko utanfraa. Det galdt aa finna ei ordning av dette spursmaal, og dei sakkunni-ge feste seg ved gruvne i Kanada, der malmen var 50 pct. rikare enn den norske. Um dei mykje amtala common stocks sa han at dei tilfelle lydde paa 100 dollars, men kunde likso godt ha lydd paa ein annan sum eller ingenting. Utbyte for desse skuld berre utbetalast nar dei arlege ut-

byte o. a. var betala.

Aksjonen fraa daaverande kon-torchef kaptein Vogt var ikkje an-na enn ei sers personleg forfyl-gjing. Han var sinna paa meg, sa vitnet, avdi han ikkje kom inn i direksjonen for K. N. R. Berre i den fyrste rapporten hans er det 3 upplagte usanningar. Pengane fraa K. N. R. vart ikkje sendt til Dunn personleg, men til selskapet Etterrøkjingskommissjonen hev sagt at 1½ mill. dollars ikkje kom B. A. N. C. tilgode, men dette hev B. A. N. C. sjølv sagt fraa um. Under de nye direksjonen — kaptein Vogt — vart det sett 36,7 mill. kr. i B. A. N. C., men under den gamle berre 17,8 mill. kr.

Der munn- og klauvsykja herjar.

58 smitta dyr slagta i Kjøben-havn.

Kjøbenhavn:

Paa Kjøbenhavns offentlege slagtehus vart sundag konstatert munn- og klauvsykja, og alle dei 18 krøter som var der, var slegne ned. 40 dyr i andre fjøs i byen vart slagta igaar. Idag var attar alt klaart til aa taka mot krøter.

I folketinget idag vil det koma lov-framlegg um aa skjerpa raad-gjerdene mot sykja.

Nansen hev god tru um Folkesambandet.

Trondheim:

Laurdag tala Nansen um Folke-sambandet i Studentersamfundet.

Verdskrigen var for det meste sjølvne menneski si skuld, sa han, kjem det ein ny krig er det slutt med den europeiske civilisasjon

Skaarnes, O. Larsen Skaarnes, J. Diplemyr, J. Hagen, J. J. Fosse jr., Hans O. Dalen 14 r. (dernest fekk T. H. Kaasa 13 r.) og Hans H. Bondal.

Varamenn: S. S. Høgetveit, J. Bækhus, H. Høgehaug, O. H. Flatland, O. T. Svalastog, O. H. Aakre, O. Leifsson Skaarnes, Sv. Skaardal, G. T. Frøland, Torbjørn Haugen, L. L. Skoje, O. E. Fosse, Halvor H. Hovde, T. H. Kaasa, G. G. Brekke, Hans H. Hogstul.

Yverlikningsnemd: Tov Reisjaa, O. O. Øygarden, Lars Slaattun, M. Thorbjørnsen. Varamenn: J. Haugen, T. K. Kringlund, A. O. Omnes, J. Krosshus, O. S. Tveiten, O. T. Solheim. Brandstyre: Brandchef Sv. O. Skaardal, varamann: Halvor Bøe. Brandmeistrar: Leif Skaarnes, Hans H. Skeie, Torgrim Lonar, H. H. Bøe d. y., Johs. Fosse d. y., A. G. Hovde, O. S. Tveiten, Knut Reisjaa. Varamenn: Hans H. Flatland, T. T. Vaale, Harald Tveiten, O. J. Hagen, M. A. Omnes, K. G. Venaas, Gj. O. Vaale, Høje O. Bondal.

Skograad: H. K. Guthus, O. T. Svalastog, L. L. Skoje, H. T. Solheim, M. T. Kleppen. Varamenn: O. H. Flatland, H. T. Flatland, A. O. Omnes, O. S. Tveiten og Torgrim Lonar.

Bruns sine planar um ei polferd. Han meiner at denne planen hev dei beste voner og er ikkje serleg faarleg. Han nemner at det vil verta reist 4 traadlause stasjonar for ferdi, i Murmansk, Sibiria og Alaska. Til aa staa i brodden for ferdi kan det ikkje finnast betre mann enn Nansen, seier han.

Fraa Atraa.

Paul Grassmann

gjesta Attraa ul. fredag 28. november. Diverre var det heller kient frammøte; men dei hev mykje aa angre dei som ikkje var der, det er ikkje ofte aa ha ein so langframande gjest i ungdomsla-gi.

Hr. Grassmann gav oss ei gild kveldstund, og han tala eit godt skynlegt norsk. Han er svært upp glødd for Norig og norderlandi, og Telemarks natur rosa han i høge tonar.

Men han var og ein god tyskar, og gav oss eit vønt bilæte av tysk-natur og folkeliv.

Fraa den fæle krigen som han sjølv var med i fekk me og sjaa og høyra mykje forvitneleg.

Hr. Grassmann nemde og kva han hadde gjort og kva han vilde gjera for at Norig kunde verta meir kjendt ute i verdi, og gje eit sannare bilæte av landet vaart enn det ofte vert gjort. Mange sta der ute i verdi hev Norig hittil berre vore eit island der det ikkje livde anna enn polarulvar og isbjørnar og noko halvville folk. Vaare store menn som er kjende utanlands som Ibsen, Bjørnson m. fl., ja dei er fraa Sverik eller Danmark.

Men hr. Grassmann arbeider godt til det betre. Eit nr. av eit av dei største og venast utstyrde tyske bilætblad som eg saag, «Sport in Bild», var vidd norderlandi med tilskot av Grassmann, og Telemark hadde fenge ein breidd plass med mange væne bilæte.

Naar daa hr. Grassmann reiser rundt i bygdene og soleis fær ei fyrstehands kjennskap til landet vaart, bør folk manjamt mōta fram til foredragi hans og syna at her ogso er liv og rørsle og interesse for det som er utantum stovdøri. Han vil daa kunna faa ein liten glytt inn i folkelivet og soleis vera istand til aa gje eit enndaa meir fullkome bilæte av Norig.

Og alle som gjeng og høyrrer han vil ha mykje att for det bryet.

H. Maardal.

Drapssaki fraa Larvik.

Saki mot Dagmar Thoresen, Larvik, tiltalt for drap, skulde vore dryft av lagmansretten idag kl. 10 fm. No lyt saki staa ut til næste ting daa tiltalte hev fenge tvo born til og ligg f. t. paa sjukehuset i Porsgrunn.

Timbersal.

Kilebygda skøgeigarforeing hev selt eit parti furu til Hans Skaugen, Bamble fr 30 kr. loadet.

Den internasjonale luftfartkonferansen


byrja i Kjøbenhavn igaar og skal vara i 3 dagar. Der møtte 35 ut-sendingar fraa 9 land.

Ved Solbergfossanlegget

hev arbeidarane — 100 mann sagt upp plassane fraa imorgon-kveld avdi ein streiktbrytar fær lov til aa arbeida paa eit veganlegg i Spydeterg som høyrrer kraftanlegget til, og der det er streik.

Av det gode, gamle slaget.

Severine Gulaker heiter ho, ho er 90 aar og igaar stod ho og ba-ka flatbraud, skriv «Stjørdalin-gen» i Stjørdal der det trauste arbeidsmenneskje bur.



Representanter herrer Gisholt & Co. AIS, Skien.

Ein merkedag for Bø.

Daa det fyrste ordinære jarnbanetoget kom dit igaar.

Det fyrste ordinære jarnbane-toget vart igaar køyrd fraa Gvarv til Bø. Toget var det vanlege fraa Nordagutu kl. 12½ og kom til Bø kl. 1¾. Alt gjekk sers bra.

Yveralt langs jarnbanelina var der møtt fram fleire aaskodarar, og paa Bø stasjon var det ei heil folkemengd som interesserte sam tala um dei nye tider. Ein gamall draum var no vorten til røyndom, — det var mest som eit eventyr.

Toget gjekk attende igaarkveld kl. 1½6, — etter ruta.

Telegrafist Leifulfstrud, Notodden, er millombils tilsett som stasjonsmeister ved Bø sta-sjon og betjeningi vert fyrbils berre ein mann.

Den 1. december 1924 vil verta hagsa som ein merkedag for Bø, um det enn ikkje var nokor offi-ciell høgtiding ved opn. av den ne nye 7 km. lange stubben av Sørlandsbanen. Det er sjølv sagt eit stort framstig for Bø, so a nok vil vita aa gjera seg nytte av banen. Den vil verta til stort gagn baade for jordbruket og skogbruket i bygdi og ellest for det økonomiske livet der. Betre kommunikasjonar vert og ei vin-ning for det kulturelle livet i byg-di, so sant ein ikkje let «stasjons-kulturen» faa yvertaket, men maktar aa forma det nye inn i det gamle. Og det maktar visseleg bø-heringane, som hev ein gamall, rotfest bygdekultur.

Stygg brand i Porsgrunn idag.

Husfolket miste alt dei aatte og fekk sovidt berga seg sjølv.

Fraa Porsgrunn melder vaar korrespondent at det ved 1½-tidi idag tidleg tok til aa brenna i hu-set til skipsfører Th. Jørgen-sen i Aallsgt. Daa folk vakna av røyken stod heile huset i ljøs loge og det var berre med naud at folk kom seg ut. Aa faa berga noko var raadlaust daa heile hu-set var som eit eidhav.

Jørgensen fekk bodsend brand-folket, som straks kom tilstades, men det var ingen ting aa gjera.

Alt innbu strauk med. Jørgen-sen miste ogso gullklokka si som 'aag paa nattbordet ved sengi og

dertil 2000 kr. i kontantar.

I andre høgdi budde svigerforel-dri til Jørgensen, urmakar Kri-stensen, frue og 4 vaksne born. Dei fekk heller ingen ting berga og tvo av borni miste brudeutsty-ret sitt. (Dei skulde nemleg straks gifta seg). og bøkene til forret-ningi døtrene driv paa Vestsida gjekk og med. Alle lid stort tap. Trygdesumen var laag. Huset var trygda for 26,000 kr. i brand-kassa.

Korleis elden hev byrja veit ein ikkje.

Raatt yverfall.

2 unge gutar braut seg inn til ei 73 aar gl. kone og slo ho so blodet flaut.

Trondheim:

Til lensmannen i Strinda er det meldt eit raatt yverfall paa ei 73 aar gamall kone. Kona var aaleine heime om kvelden, og hadde lagt seg. Aataksmennene braut upp eit vindauga og trengde inn i huset. Dei hadde maske for and-litet som tvo banditar. Dei slo den

gamle kone so blodet flaut, og truga henne med kniv, dersom ho ikkje vilde levera ut dei pengar ho hadde i huset. Dei tok med seg eit par ting av sylv.

Det hev lukkast lensmannen aa faa greide paa at aataksmennene er tvo unge gutar.

Den gamle kona laut til lækjar.

Kommunistisk Kupfreistnad i Estland.

Blodige gatekampar. — Militærstyre i Reval.

Helsingfors:

Fraa Reval vert meldt: Kom-munistane greip tidleg igaarmor-go til vaapen og tok jarnbanesta-sjonen. Deretter hersette dei of-fentlege bygningar, m. a. tele-graf- og telefonstasjonen. Under kampen vart fleire politimenn drepne. Militær vart utkomman-dera, og det vart ro og orden et-ter nokre gatekampar. Det vart nytta handgranatar og maskin-gøvær. Kl. 8 igaarmorgo hersette regjeringstroppane hovudbane-stasjonen. Det er lyst militærstyre i Reval. Regjeringstroppar hev hersett alle offentlege bygningar.

Kommunikasjonsministeren Kark er skoten på veg til stasjo-nen. Mange andre er drepne og saara.

Rundt um i landet ellest er det roleg. Fraa den russiske grensa hev det ikkje kome nøgiare mel-ding. Riksforstandar og fyrstemi-nister Akel fekk berga seg som ved eit under. Ti kommunistar kom inn i bustaden hans, men han gøymde seg, og det lukkast adjutanten hans aa røma. Adju-tanten drog til krigsministeriet, og derifrå vart sendt ein pansar-bil til bustaden aat fyrsteministe-ren, og kommunistane vart jaga burt.

Reval:

50 menneskje vart drepne igår. 40 personar ligg paa sjukehusi. Krigsretten hev byrja verksemd i. Fleire av dei arresterte upp-rørarane hadde utanlandske pass. Det er no heilt ro.